



DET KONGELEGE KOMMUNAL- OG MODERNISERINGSDEPARTEMENT

Rundskriv

Kommunane
Fylkeskommunane
Fylkesmennene

Nr.
H-4/19

Vår ref

Dato
28. juni 2019

Rundskriv om konstituerande møte i kommunestyre og fylkesting – rettlegg om val til folkevalde organ med meir

Innhald

1.	Innleiing	2
2.	Nærare om det konstituerande møtet	4
2.1	Innkalling.....	4
2.2	Kva for val skal eller bør gjerast.....	4
2.3	Kva for organ skal eller kan kommunen opprette?.....	5
2.4	Når trer dei ulike organa i funksjon?	6
2.5	Kven er folkevalde?.....	7
3.	Val av ordførar og varaordførar	7
4.	Val til folkevalde organ i kommunen.....	8
4.1	Formannskapet.....	8
4.2	Kontrollutval.....	8
4.3	Utval	9
4.4	Kommunestyrekomitear	10
4.5	Kommunale føretak	11
4.6	Val til organ i interkommunale samarbeid etter kommunelova	11
4.6.1	Interkommunale politiske råd.....	11
4.6.2	Kommunalt oppgåvefellesskap	12
4.7	Andre organ	12

4.7.1	Partsamansette utval.....	12
4.7.2	Medverknadsorgan.....	13
4.7.3	Kommunedelsutval.....	14
5.	Om val av kommuneråd og parlamentarisk styreform.....	14
5.1	Aktuelle lovreglar.....	14
5.2	Val av kommuneråd.....	14
5.2.1	Valtidspunkt.....	14
5.2.2	Skifte av kommuneråd i valperioden.....	15
5.2.3	Uttreden frå andre verv medan ein er medlem av kommunerådet.....	15
5.3	Utpeiking av kommunerådsleiar og medlemmer av kommunerådet.....	16
5.4	Fråtreiding frå kommunerådet.....	16
6.	Kven kan og kven kan ikkje veljast til folkevalde organ.....	17
6.1	Kven kan veljast.....	17
6.2	Kven kan ikkje veljast.....	18
7.	Korleis velje medlemmer til folkevalde organ.....	19
7.1	Kva metode skal nyttas.....	19
7.2	Avtaleval.....	19
7.3	Forholdsval.....	20
7.3.1	Listeframlegg.....	20
7.3.2	Sjølve valet.....	22
7.4	Fleirtalsval.....	24
8.	Uttreden, fritak, suspensjon m.m.	24
8.1	Uttreden.....	24
8.2	Fritak.....	24
8.3	Suspensjon.....	25
8.4	Avgjerder om å ta vervet frå ordføraren.....	26
9.	Opprykk, nyval og suppleringsval.....	26
9.1	Opprykk og innkalling av varamedlem.....	26
9.2	Val av settemedlem.....	27
9.3	Opprykk og nyval.....	27
9.4	Suppleringsval.....	28
10.	Verknader av at eit organ som ikkje er lovleg samansett gjer vedtak.....	28
11.	Møteoffentlegheit i folkevalde organ.....	29
12.	Val og konstituering av nytt kommunestyre ved samanslåing av kommunar.....	30


1. Innleiing

I haust er det val til nye kommunestyre og fylkesting. Når valet er gjennomført er det avklart kven som er nye medlemmer til kommunestyret og fylkestinget. Etter valet skal dei nye kommunestyra og fylkestinga konstituera seg. I det konstituerande møtet vel kommunestyret og fylkestinget ein rekke medlemmer til ulike folkevalde organ. I denne rettleiaren vil departementet forklara nærare om alle føresegn som gjeld valet av medlemmer og kven som

kan veljast. Departementet vil også seie noko om andre relevante føresegn som blant anna kva som skjer dersom ein medlem trer ut av eit organ.

Kommunelova inneheld ei rekke føresegner om folkevalde organ og kva som skal skje i kommunen og fylkeskommunen etter valdagen. Den nye kommunelova (lov 22. juni 2018 nr. 83 om kommuner og fylkeskommuner) trer i kraft i det konstituerande møte i kvar einskild kommune og fylkeskommune. Den nye lova gjeld for dei vala som skal gjerast og for dei ulike organa som skal opprettast i møtet. Lova liknar den gamle frå 1992 når det gjeld val til folkevalde organ, men det er gjort nokre endringar i den nye lova som kommunane og fylkeskommunane bør merke seg. Lova har også nokre supplerande forskrifter som er viktig å merke seg ved val av folkevalde organ. Dette er forskrift om medverknadsordningar 17. juni 2019 nr. 727 og forskrift om overgangsføresegner til ny kommunelov 27. juni 2019.

Departementet minner for ordens skyld om at sjølve valet til kommunestyret, medrekna kven som er valbare til kommunestyret, er regulert av vallova. Det som skjer etter valdagen, medrekna val til andre folkevalde organ enn kommunestyret, er regulert i kommunelova. Her er ei tidslinje som viser rekkefølja og kva føresegn som gjeld kva:



I tillegg til å velje medlemmer til organa, er det også ei rekke andre saker det nye kommunestyret og fylkestinget bør gjere i starten av ein valperiode. Dette er saker som ikkje blir særleg omtala i dette rundskrivet, men som nemnast fordi det er viktig at kommunane og fylkeskommunane er merksame på dei. For det første skal kommunestyret vedta eit reglement for delegering og innstilling innan 31. desember året etter at kommunestyret og fylkestinget vart konstituert, jf. kommunelova § 5-14. Etter § 5-13 første ledd skal også nesten alle folkevalde organ ha eit reglement som seier noko om blant anna organets verkeområde, myndigheit og perioden organet er oppretta for. Kommunestyret og fylkestinget kan også etter § 11-12 fastsetje eit reglement med nærare føresegner om sakshandsaminga i folkevalde organ.

Kommunestyret og fylkestinget skal også gje forskrifter om vilkår som gjeld dei einskilde folkevalde personane. Dette gjeld forskrift om erstatning for tapt inntekt etter § 8-3, godtgjersle for arbeidet som folkevald etter § 8-4 og permisjonar etter § 8-10.

Når teksten i dette rundskrivet viser til kommune, kommunestyret osv., så skal det også innebera fylkeskommune, fylkesting osv. med mindre noko anna er presisert. Rundskrivet vil også vise til "folkevalde organ", og dette er meint å gjelde både folkevalde organ etter § 5-1 og andre kommunale organ etter § 5-2 så lenge det ikkje er presisert noko anna.

2. Nærare om det konstituerande møtet

2.1 Innkalling

Dei nyvalde kommunestyra skal kome saman til konstituerande møte innan utgangen av oktober, jf. gjeldande kommunelov § 17 og ny kommunelov § 7-1 første ledd. Det er først når det konstituerande møtet er satt, at den nye kommunelova trer i kraft. Det er den sittande ordføraren som kallar inn til det konstituerande møtet, og som leiår møtet fram til det er vald ny ordførar. Møtet skal kallast inn med minst 14 dagars varsel, og minst 2/3 av medlemene må vere til stade for at det nyvalde kommunestyret skal kunne gjere vedtak.

Som første sak skal kommunestyret avgjere om kommunestyrevalet er gyldig. Dette følgjer av vallova § 13-4 første ledd. Har kommunen halde direkte val til kommunedelsutval, avgjer kommunestyret også om dette er gyldig før ein gjer andre val.

2.2 Kva for val skal eller bør gjerast

I det konstituerande møtet skal kommunestyret velje:

- formannskap
- ordførar og varaordførar
- kontrollutval

I det konstituerande møte skal fylkestinget velje:

- fylkesutval
- fylkesordførar og varaordførar
- kontrollutval

Nytteomsyn taler for at ein følgjer rekkefølgja i lista over. Det blir då lettare å sikre seg at reglane om at ordførar og varaordførar må vere medlem av formannskapet, og at ein medlem av kontrollutvalet ikkje kan vere medlem av formannskapet blir følgd.

Val av eit eventuelt kommuneråd skal òg finne stad i det konstituerande møtet ved vidareføring av parlamentarisk styringsform, jf. kommunelova § 10-4 andre ledd.

Val av andre folkevalde organ i kommunen og leiarar i organa bør i følgje lova § 7-1 tredje ledd andre punktum òg haldast i det konstituerande møtet. Det er ikkje noko krav at desse vala blir gjennomført i dette møtet, men dei eksisterande organa vil ikkje gjelde lenger enn nyttår, sjå punkt 2.4 under og § 7-1 femte ledd.

2.3 Kva for organ skal eller kan kommunen opprette?

I den nye kommunelova er det i § 5-1 andre ledd og § 5-2 andre ledd nemnd kva for organ kommunen kan opprette som del av den politiske organiseringa i kommunen. Det er berre lov til å opprette dei organa som er nemnd, jf. § 5-1 første ledd og § 5-2 første ledd. Nokre av organa er kommunen pliktige til å opprette, som for eksempel formannskap, kontrollutval, partsamansette utval og medverknadsråda nemnd i § 5-2 andre ledd bokstav e.

Dei to paragrafane handlar om høvesvis "folkevalde organ" og "andre kommunale organ", men reglane er stort sett dei same, og begge typar organ må for eksempel følgje alle sakshandsamingsreglane i kapittel 11 i lova.

Dette er lista over dei folkevalde organa kommunen kan opprette:

- a) kommunestyre og fylkesting
- b) formannskap og fylkesutval
- c) kommuneråd og fylkesråd
- d) utval, inkludert kommunedelsutval og kontrollutval
- e) arbeidsutval
- f) felles, folkevald nemnd i vertskommunesamarbeid
- g) kommunestyre- og fylkestingskomitear
- h) styret for deler av den kommunale eller fylkeskommunale verksemda i parlamentarisk styrte kommunar eller fylkeskommunar
- i) representantskap og andre styringsorgan for eit interkommunalt politisk råd
- j) representantskap for eit kommunalt oppgåvefellesskap
- k) eit kommunalt eller fylkeskommunalt folkevald organ med heimel i særlov

Etter § 5-1 tredje ledd må organa som er nemnde i bokstavane a til d og g ha den nemninga som er nytta om organet i lista i namnet sitt. Det betyr at alle utval i kommunen skal heite noko med utval, for eksempel planutval og oppvekstutval.

Dette er dei organa som er "andre kommunale organ" etter § 5-2:

- a) partssamansette utval
- b) styret for ein institusjon
- c) underordna styringsorgan for eit kommunalt oppgåvefellesskap
- d) styret for eit kommunalt eller fylkeskommunalt føretak

- e) eldreråd, råd for personar med funksjonsnedsetjing og ungdomsråd eller anna medverknadsorgan for ungdom.

2.4 Når trer dei ulike organa i funksjon?

Etter § 7-1 fjerde ledd trer kommunestyret, fylkestinget, formannskapet og fylkesutvalet i funksjon frå det konstituerande møtet. Dei andre folkevalde organa, ordførar og varaordførar trer i funksjon straks dei er vald.

Dersom det ikkje blir vald nye medlemer til eit folkevald organ i det konstituerande møtet, skal funksjonstida til dei sittande medlemene utvidast til det blir vald nye medlemer. Dette gjeld likevel berre til første årsskifte i den nye perioden, jf. § 7-1 femte ledd. I denne perioden gjeld den gamle kommunelova for dei organa som har sitt rettslege grunnlag i kommunelova (1992) og som ikkje blir ført vidare, jf. forskrift om overgangføresegner til ny kommunelov 27. juni 2019 § 1 første ledd første punktum. Dette gjeld særleg faste utval og komitear. Føresegna i § 7-1 femte ledd er ny i den nye lova, og inneber at kommunen har fått ein frist til å velje medlemer for at organet ikkje skal tre ut av funksjon.

Eit kommuneråd som peikar ut etter reglane i § 10-5 trer i funksjon frå sitt eige konstituerande møte. For kommune- og fylkesråd som skal veljast etter § 10-4 gjeld hovudregelen i § 7-1 fjerde ledd.

Råd for eldre, råd for personar med funksjonsnedsetjing og råd for ungdom trer i funksjon straks dei er vald. Dersom råda ikkje blir vald på det konstituerande møtet, så skal funksjonstida til dei sittande medlemene utvidast. Det følgjer av forskrift om overgangføresegner § 1 andre punktum:

"Ny kommunelov § 7-1 femte ledd vil fram til første årsskifte i valgperioden 2019–2023 også gjelde for eldreråd valgt etter lov om kommunale og fylkeskommunale eldreråd og råd for mennesker med nedsatt funksjonsevne etter lov om råd eller anna representasjonsordning i kommunar og fylkeskommunar for menneske med nedsett funksjonsevne m.m."

I kommunar som slår saman frå 1. januar 2020, skal dei nyvalde kommunestyra kome saman til konstituerande møte innan utgangen av oktober, og det konstituerande møtet skal følgje reglane i kommunelova § 7-1 første til fjerde ledd. Kommunestyret kan fatte vedtak som gjeld den nye kommunen etter at det er konstituert, og treng ikkje vente til årsskiftet. Det same gjeld for andre folkevalde organ etter at dei er vald. Myndigheita til dei folkevalde organa i den nye kommunen gjeld den nye eininga, og dei kan ikkje fatte vedtak som bind dei eksisterande einingane i deira siste driftsår

2.5 Kven er folkevalde?

I kommunelova § 5-1 fjerde ledd bokstav a til e er det gjeve ein definisjon av kven som skal reknast som folkevalde personar i kommunelova si forstand. Det er nytt at lova regulerer kven som er folkevalde. Lovfestinga er meint som ei stadfesting av gjeldande rett og praksis, og er gjort for å klargjøre moglege tvilstilfellar.

For det første er medlemmer av kommunestyret og fylkestinget folkevalde. Det same gjeld medlemmer i kommunedelsutval som er vald etter føresegnene i § 5-8. Begge desse gruppene er direkte vald av innbyggjarane, og skal naturlegvis vere folkevalde.

Vidare er det slik at alle medlemmer av folkevalde eller andre kommunale organ som er vald av eit anna organ, skal reknast som folkevalde. Det betyr at medlemmer av utval, kommunedelsutval, representantskap, medverknadsråd og styrer som er vald av kommunestyret skal vere folkevald. Dette gjelder også der personen ikkje er medlem av kommunestyret. Personer som er folkevalde, men ikkje er medlem av kommunestyret blir nokre gonger kalla "indirekte folkevalde". Det er likevel viktig å hugse på at dei er folkevalde på lik linje med medlemmene i kommunestyret som er direkte vald av innbyggjarane.

Det skjer at personar som er tilsett i kommunen blir vald inn i folkevalde organ. Dersom dei er vald inn av eit folkevald organ, eller på anna måte er omfatta av definisjonen i § 5-1, så er dei folkevalde personar med dei rettane og plikta som følgjer med. Det er da viktig å vere merksam på føresegnene om ugildheit i § 11-10 andre ledd.

Det er også nokre særlege føresegner for parlamentarisk styrde kommunar. Dersom det er kommunestyret som vel medlemene i kommunerådet etter § 10-4, så følgjer det av definisjonen i § 5-1 fjerde ledd bokstav b at medlemene i kommunerådet også skal reknast som folkevalde. I dei tilfella kor ordføraren peikar ut ein kommunerådsleiar som sjølv set saman rådet og nemnar opp dei andre medlemene i rådet, så slår § 5-1 fjerde ledd bokstav d og e fast at leiaren og medlemene og er folkevalde personar.

Medlemmer av eit folkevald eller anna kommunalt organ som er vald av dei *tilsette*, skal ikkje reknast som folkevalde personar. Dette gjeld for eksempel medlemmer vald av dei tilsette til styret i eit kommunalt føretak vald etter § 9-6 og medlemmer av partsamansette utval vald av dei tilsette etter § 5-11 andre ledd.

3. Val av ordførar og varaordførar

Val av ordførar og varaordførar blir regulert av kommunelova § 6-2 og reglane om fleirtalsval i § 7-8. Kommunestyret vel sjølv ordførar og varaordførar i det konstituerande møtet, jf. § 7-1 tredje ledd.

Ordførar og varaordførar skal veljast for *heile* valperioden, jf. § 6-2 andre ledd andre punktum. Det er altså ikkje lov at to kandidatar deler på vervet med ein periode på to år kvar.

Dei som er valbare til verva som ordførar og varaordførar er berre dei *faste* medlemene av formannskapet. I kommunar med parlamentarisk styreform, er det berre faste medlemmer av kommunestyret som er valbare til verva som ordførar og varaordførar.

4. Val til folkevalde organ i kommunen

4.1 Formannskapet

Føresegnene om formannskap står i § 5-6. Dei gjeld ikkje for kommunar med parlamentarisk styreform ettersom dei ikkje skal ha noko formannskap, og ei omtale av val av kommuneråd er tatt inn i kapittel 5 i rundskrivet.

Formannskapet må ha minst fem medlemmer, og det er kommunestyret sjølv som vel medlemene, jf. § 5-6 første ledd første punktum. Medlemene og varamedlemene i formannskapet må vere faste medlemmer av kommunestyret, og er valde for fire år av gongen. Dette inneber at kommunestyret ikkje kan omorganisere eller gjere nyval av formannskapet i løpet av ein valperiode. Eit formannskap kan opprette et arbeidsutval, som må vere samansatt av medlemmer frå formannskapet, jf. § 5-6 tredje ledd.

Medlemene skal veljast på vanleg måte, det vil seie at det skal vere avtaleval så lenge det ikkje er minst ein medlem som krev forholdsval, sjå kapittel 7 om valmåtane.

4.2 Kontrollutval

Etter § 23-1 første ledd vel kommunestyret sjølv eit kontrollutval som på vegner av kommunestyret skal føre laupande kontroll med forvaltninga i kommunen. Kommunestyret vel også sjølv leiar og nestleiar i kontrollutvalet.

Etter § 23-1 andre ledd skal kontrollutvalet ha minst fem medlemmer. Dette er ein auke i det lågaste talet på medlemmer samanlikna med dagens lov. Minst ein av medlemene i utvalet skal veljast mellom medlemene av kommunestyret. I den nye lova er det også tatt inn ei føresegn om at leiaren ikkje kan vere medlem av same parti eller same gruppe som ordføraren i kommunen.

Dei vanlege krava til valbarheit i § 7-2 og kven som er utelukka etter § 7-3 gjeld også for kontrollutval. I § 23-1 tredje ledd bokstav a-h er det særlege reglar om kven som ikkje kan veljast til kontrollutvalet. Dette er:

- ordførar og varaordførar
- medlemmer og varamedlemmer av formannskapet
- medlemmer og varamedlemmer av folkevald organ med myndigheit til ta avgjerd (merk at medlemmer og varamedlemmer av kommunestyret likevel er valbare)
- medlemmer av kommuneråd
- medlemmer og varamedlemmer av kommunestyrekomité.

- tilsette i den aktuelle kommunen
- personar som har ei leiande stilling eller som er medlem eller varamedlem av styret eller bedriftsforsamlinga, i eit selskap som kommunen har eigarinteresser i
- personar som har ei leiande stilling, eller som er medlem eller varamedlem av styret i eit interkommunalt politisk råd eller eit kommunalt oppgåvefellesskap.

Det nedste punktet er nytt i lova, og gjeld dei tilfella der representantskapa i eit slikt interkommunalt samarbeid har oppretta eit underordna styringsorgan etter høvesvis § 18-3 fjerde ledd og § 19-3 femte ledd. Dersom eit slik organ i realiteten er eit "styre" med dei oppgåvene og myndigheit som normalt ligg til eit styre i eit selskap, så kan medlemene og varamedlemene i dette organet ikkje veljast til kontrollutvalet.

Som det går fram av lista, fører den nye lova vidare at ein person som er tilsett i kommunen ikkje kan veljast til kontrollutvalet, og dette gjeld uavhengig av kva brøk vedkomande er tilsett i. Bakgrunnen for dette er omsynet til å sikre at kontrollutvalet og medlemene skal vere uavhengig og utan bindingar til kommunen. Dessutan vil ein hindre at medlemmer av kontrollutvalet får saker til handsaming som gjeld dei sjølve eller verksemda der dei er tilsette.

Kommunestyret kan når som helst halde nyval av medlemene i kontrollutvalet, jf. kommunelova § 23-1 fjerde ledd. I motsetnad til det som gjeld for utval, kan kommunestyret ikkje vedta å legge ned kontrollutvalet i valperioden. Kontrollutval er eit lovpålagt organ.

Utvalet sine oppgåver er nærare omhandla i kapittel 23 i kommunelova og forskrift om kontrollutval og revisjon, fastsett av departementet 17. juni 2019.

4.3 Utval

Kommunelova har i § 5-7 føresegner om "utval" som folkevald organ. Utval i den nye lova skal omfatta det som tidlegare har vore definert som faste utval eller komitear, og kommunane har ein stor grad av fridom til å avgjere kva utval som skal opprettast, kva arbeidsoppgåver dei skal ha, og kor lenge utvalet skal vere i funksjon.

Det er kommunestyret som opprettar eit utval, og fastset kva saker utvalet skal handsame. Eit utval kan få myndigheit til å ta avgjerder så lenge ikkje anna følgjer av lov, men eit utval kan også berre få utgreiingsoppgåver eller ein innstillingsrett. Utvala kan også vere oppretta for ei konkret sak, berre vere i funksjon ein viss periode, eller dei kan vere varige og vere i funksjon heile valperioden.

Det er kommunestyret sjølv som vel medlemmer og varamedlemmer til utvala, og det er også kommunestyret som vel leiar og nestleiar. Medlemene kan veljast anten ved avtaleval eller forholdsval, og leiar og nestleiar veljast ved fleirtalsval, sjå kapittel 7.

Utval kan sjølv opprette arbeidsutval som må bestå av medlemmer av utvalet, jf. § 5-7 tredje ledd. Eit kommunedelsutval kan velje andre medlemmer til arbeidsutvalet sitt enn dei som er medlemmer av kommunedelsutvalet.

Dersom utvalet har fått myndigheit til å gjere vedtak, så kan utvalet delegere denne myndigheita til leiaren eller til eit arbeidsutval. Det gjeld likevel berre saker som ikkje har prinsipiell tyding, sjå § 5-7 fjerde ledd. Kommunestyret kan likevel fastsetje at det ikkje er høve til å gjere ei slik delegering.

Kommunestyret har etter § 5-7 femte ledd ein rett til når som helst å omorganisere eller legge ned eit utval, og det vil seie at kommunestyret når som helst kan gjera eit nytt val av alle medlemene i utvalet. Når utvalet er oppretta og medlemene er vald, så kan ikkje kommunestyret gjere andre endringar i samansetninga enn å gjere eit fullstendig nyval av utvalet, og kommunestyret kan derfor ikkje byte ut berre ein medlem.

4.4 Kommunestyrekomitear

Det har etter kvart blitt meir vanleg å dele kommunestyret inn i komitear som førebur saker og innstiller til det øvste organet. Slike "reine" komitear – utan avgjerdsmyndigheit og utan kompetanse til å sende ei sak tilbake til administrasjonen – er regulert i kommunelova § 5-9 om kommunestyrekomitear. Her er også valet av medlemmer uttømmende regulert.

Kommunestyret avgjer sjølv om slike komitear skal opprettast, og fastset kor mange medlemmer den einskilte komiteen skal ha, og det må vere minst tre medlemmer i kvar komité. Komiteane kan ikkje ha avgjerdsmyndigheit, men berre ha myndigheit til å gje ei innstilling i saker som skal avgjerast av kommunestyret.

I utgangspunktet er alle medlemene av kommunestyret valbare til komiteane. Kommunestyremedlem som òg er medlem av kontrollutvalet er likevel utelukka frå val, jf. kommunelova § 23-1 tredje ledd om at ein komitemedlem ikkje kan veljast til kontrollutvalet. Kommunestyret kan sjølv vedta at ordføraren skal vere fritatt frå val.

Val til komiteane skjer på grunnlag av ei innstilling frå eit valutval, jf. § 5-9 tredje ledd. I motsetnad til det som gjeld elles ved avtaleval, er det tilstrekkeleg med alminneleg fleirtal for å rekne valet som gjennomført. Det er såleis ikkje noko krav om samrøystes oppslutning i kommunestyret.

Innstillinga frå valutvalet skal innehalde så mange namn som talet på medlemmer i den einskilte komiteen, med opplysning om kva gruppe medlemmen representerer. I tillegg kan innstillinga innehalde så mange varamedlemmer som svarer til talet på medlemmer kvar gruppe skal ha, med tillegg av to. Det er berre varamedlemmer til kommunestyret som er valbare som varamedlemmer til komiteane.

Når det gjeld krava til kjønnsbalanse, fastset kommunelova i § 5-9 fjerde ledd at komiteane skal setjas saman etter den same kjønnsmessige samansetninga som det veljande organet har. Val til alle komitear må derfor skje samla. Regelen inneber at dersom det for eksempel er 40 prosent kvinner og 60 prosent menn i kommunestyret, skal dette fordelingstalet leggjast til grunn ved valet til den einskilde komiteen. Den same fordelinga skal leggjast til grunn når det gjeld val av varamedlemer.

Dersom ein medlem av kommunestyret trer endeleg ut, skal vedkomande varamedlem tre inn, ikkje berre i den ledige plassen i kommunestyret, men òg automatisk inn i den komiteen der den som tredde ut var medlem.

Kommunestyret kan når som helst omorganisere eller legge ned komiteane. Komiteane kan også sjølve opprette arbeidsutval med medlemer av komiteen, om ikkje kommunestyret har bestemt noko anna, jf. § 5-9 sjette ledd.

4.5 Kommunale føretak

Det er kommunestyret sjølv som avgjer om det skal opprettast eit kommunalt føretak. Det er eit styre som leiar føretaket. Det er kommunestyret sjølv som vel leiar, nestleiar og dei andre medlemene av styret i føretaket, jf. § 9-5 første ledd. Kommunestyret kan når som helst gjere nyval av dei styremedlemene kommunestyret sjølv har vald.

I tillegg til styremedlemene som kommunestyret vel, så heiter det i § 9-6 første ledd at eit fleirtal av dei tilsette i føretaket kan krevje at inntil 1/5 av styremedlemene skal veljast av og blant dei tilsette. Kongen kan gje forskrift om blant anna gjennomføringa av valet og korleis tal på tilsette skal reknast, men det er ikkje fastsett noka forskrift.

Vervet som styremedlem i eit kommunalt føretak har nokre særlege føresegner i § 9-7 som avvik frå dei vanlege reglane om folkevalde verv og medlemskap i folkevalde organ. I motsetnad til det som elles gjeld, er valperioden for styremedlemer to år så lenge det ikkje er bestemt noko anna i vedtektene i føretaket. Ein styremedlem kan også tre ut av styret før valperioden er over dersom det ligg føre særlege grunnar. Dette er eit avvik frå ombodsplikten i § 8-1 og andre føresegner om å tre ut frå folkevalde verv i § 7-9.

4.6 Val til organ i interkommunale samarbeid etter kommunelova

4.6.1 Interkommunale politiske råd

Eit interkommunalt politisk råd skal etter § 18-3 ha eit representantskap som øvste organ, og representantskapet kan også sjølv velje å opprette andre organ til styring av rådet. Medlemene til dei ulike organa i rådet blir regulert av dei allmenne føresegnene i kapittel 7, men det er nokre særreglar ein må hugse på.

Medlemene til representantskapet skal veljast av kommunestyret i kvar kommune, jf. § 18-3 første ledd. Dersom selskapsavtalen ikkje seier noko anna, er det representantskapet sjølv som vel leiar og nestleiar. Representantskapet kan velje at vervet som leiar og nestleiar skal gå på omgang mellom deltakarane i rådet. Det er representantskapet sjølv som vel leiar, nestleiar og andre medlemmer av eventuelle andre styringsorgan i rådet, jf. § 18-3 fjerde ledd

For kommunar med parlamentarisk styreform er det nokre eigne valreglar i § 18-3 første og andre ledd. Første ledd slår fast at det også kan veljast medlemmer av kommunerådet, og dette er derfor eit unntak frå § 10-2 tredje ledd om at medlemmer av kommuneråd skal tre ut av alle andre kommunale verv i perioden vedkomande er medlem av kommunerådet. Vidare slår § 18-3 andre ledd fast at kommunestyret kan gje kommunerådet myndigheit til å velje representantskapsmedlem. Så lenge kommunestyret ikkje har bestemt noko anna, kan kommunerådet delegere denne myndigheita vidare til ein einskild medlem av kommunerådet.

Medlemene i representantskapet blir vald for fire år av gongen dersom ikkje samarbeidsavtalen seier noko anna, sjå § 18-3 tredje ledd. Den einskilde deltakaren (kommunen) kan når som helst byte ut medlemene og varamedlemene dei sjølv har vald, og nye medlemmer skal da veljast for resten av valperioden.

4.6.2 Kommunalt oppgåvefellesskap

Eit kommunalt oppgåvefellesskap skal også ha eit representantskap som øvste organ, jf. § 19-3. Representantskapet har myndigheit til å opprette andre organ til styring av oppgåvefellesskapet, jf. § 19-3 femte ledd.

Reglane om å velje medlemmer til representantskapet og andre styringsorgan i kommunalt oppgåvefellesskap er i stor grad dei same som for organa i interkommunale politiske råd som er omtala ovanfor. Dette gjeld blant anna kven som skal velje medlemene, sjå § 19-3 første og andre ledd, og at dei vanlege reglane i § 7-2 og § 7-3 gjeld. Det er nokre skilnader. Det er for det første ikkje mogleg å velje ein medlem av kommunerådet som medlem i representantskapet, og dagleg leiar i oppgåvefellesskapet kan ikkje vere medlem av representantskapet.

Ein annan skilnad er at andre styringsorgan i oppgåvefellesskap ikkje er nemnd i lista over folkevalde organ i § 5-1 første ledd, og blir rekna som eit anna kommunalt organ etter § 5-2. Som vist til i punkt 2.3 og 2.5 har dette ikkje nemneverdig praktisk tyding då det er dei same reglane som gjeld, og medlemene er folkevalde etter definisjonen i § 5-1 fjerde ledd.

4.7 Andre organ

4.7.1 Partsamansette utval

Etter § 5-11 skal alle kommunane opprette eit eller fleire partssamansette utval (administrasjonsutval). Utvala skal handsame saker som gjeld forholdet mellom dei tilsette og kommunen som arbeidsgjevar. Dette er eit utval som i hovudsak følgjer dei vanlege

føresegnene om utval, jf. § 5-11 fjerde ledd og § 5-7. Lova opnar for andre ordningar dersom minst 3/4 av dei tilsette ønskjer det.

Utvalet skal ha representantar for kommunen og dei tilsette, men fleirtalet av utvalet skal vere kommunen sine representantar. Det er kommunestyret sjølv som vel sine representantar, og det er dei tilsette som vel sine representantar blant dei tilsette. Representantane for dei tilsette blir valde for to år av gongen. Bortsett frå bustadskravet, så gjeld dei vanlege føresegnene om valbarheit i §§ 7-2 og 7-3, sjå kapittel 6. Kommunestyret skal også velje leiaren og nestleiaren av utvalet.

4.7.2 Medverknadsorgan

Kommunane har plikt til å ha tre medverknadsorgan: Eldreråd, råd for personar med funksjonsnedsetjing og ungdomsråd. Det går fram av ny kommunelov § 5-12 at kommunestyret skal sjølv velje råda. Råda er rådgjevanda organ for kommunen og dei har rett til å sei si meining i saker som gjeld eldre, personar med funksjonsnedsetjing og ungdom. I lova er det gjevne nokre rammar for kven som kan veljast til råda. Fleirtalet av medlemene i eldrerådet skal på valtidspunktet ha fylt 60 år. Dei som blir valde til ungdomsrådet skal på valtidspunktet ikkje ha fylt 19 år, og valperioden for ungdomsråda skal vere inntil to år, noko som er kortare enn for dei to andre råda som har ein valperiode på fire år.

Eldrerådet, råd for personar med funksjonsnedsetjing og ungdomsrådet er i kategorien andre kommunale organ etter § 5-2. Reglane i ny kommunelov som gjeld for folkevalde organ skal også gjelde for andre kommunale organ. Det går fram av § 5-1 at dei som er vald av personar i eit folkevald organ til å sitje i eit anna kommunalt organ er rekna som folkevalde. Reglane i ny kommunelov som gjeld for folkevalde organ og reglane som gjeld for folkevalde personar gjeld derfor for medlemene av eldreråd, råd for personar med funksjonsnedsetjing og ungdomsrådet.

Organisasjonar som representerer eldre, personar med funksjonsnedsetjing og ungdom har rett til å fremje framlegg om medlemmer til det rådet som representerer deira interesse, dette går fram av forskrift om medverknadsordningar 17. juni 2019 nr. 727. Organisasjonar for ungdom inkluderer for eksempel elevråd, fritidsklubbar og ungdomshus. Organisasjonane må få informasjon om retten til å fremje framlegg om medlemmer i god tid før valet.

Kommunestyret vedtar samansetninga av råda. Dei avgjer også kor mange medlemmer og varamedlemmer råda skal ha. Det skal veljast separate råd for eldre, personar med funksjonsnedsetjing og ungdom. Kommunen kan opprette eit felles råd for eldre og personar med funksjonsnedsetjing om det ut i frå lokale høve er nødvendig. Den klare hovudregelen er to separate råd for eldre og personar med funksjonsnedsetjing. Det er likevel ei viss moglegheit for å ha eit felles råd, og det er når det ut i frå lokale høve er nødvendig, for eksempel om det ikkje er nok kandidatar til å kunne opprette to separate råd.

4.7.3 Kommunedelsutval

Det følgjer av § 5-7 første ledd andre punktum at kommunestyret sjølv kan opprette eit utval med ansvar for ein avgrensa geografisk del av kommunen som blir kalla kommunedelsutval. Alle føresegnene i lova som gjeld for utval, gjeld som hovudregel også for eit kommunedelsutval, men det er nokre unntak som for eksempel val av arbeidsutvalg, jf. § 5-7 tredje ledd andre punktum. Fylkestinget har ikkje ein tilsvarande rett, slik at det ikkje er mogleg å opprette eit "fylkesdelsutval".

Medlemene i kommunedelsutvala skal veljast på same måte som andre utval. Lova opnar også for at kommunestyret kan vedta at det vere egne direkte val av medlemmer i kommunedelsutval, sjå § 5-8. Medlemene blir i dei høva vald direkte av innbyggjarane, og utvalet vel sjølve leiar og nestleiar. Ved direkte val til kommunedelsutval vil føresegene i vallova gjelde så langt dei passer. Utval som er direkte valde kan ikkje omorganisast eller leggst ned av kommunestyret i løpet av valperioden. Det er gjeve ei forskrift 3. januar 2003 nr. 8 om direkte val til kommunedelsutval, som vil gjelde også etter den nye lova, jf. lova § 31-5.

5. Om val av kommuneråd og parlamentarisk styreform

5.1 Aktuelle lovreglar

Kommunelova har i kapittel 10 reglar om parlamentarisk styreform i kommunar. Det er i tillegg tatt inn føresegner som gjeld parlamentarisk styrde kommunar i fleire einskilte paragrafar i lova som for eksempel § 18-3 andre ledd.

For dei kommunane som har innført parlamentarisk styreform, skal eit kommuneråd erstatte formannskapet. Rådet er òg den øvste administrative leiinga i kommunen, og erstattar derfor også kommunedirektøren, jf. § 10-2 første ledd.

Etter § 10-2 andre ledd kan danning av kommuneråd skje på ein av to måtar, og det er kommunestyre sjølv som avgjer kva for metode som skal brukast. Den eine måten er at det skal haldast val av råd i medhald av § 10-4 i lova. Den andre er at ordføraren peikar ut ein kandidat til å leie kommunerådet eller fylkesrådet. Denne får i oppdrag å danne råd og set sjølv saman rådet. Dette går fram av § 10-5. Dei to metodane for å opprette råda er skildra i punkt 5.2 og 5.3.

5.2 Val av kommuneråd

5.2.1 Valtidspunkt

Ved *vidareføring* av parlamentarisk styreform skal det veljast eit kommuneråd i det konstituerande møtet etter kommunestyrevalet, jf. kommunelova § 10-4 andre ledd. Det er kommunestyret sjølv som avgjer om kommunerådet skal opprettast etter føresegnene i § 10-4 om val av kommuneråd eller i § 10-5 om utpeiking av kommunerådsleiar.

Det er i utgangspunktet ikkje nokre særskilde valbarheitsreglar for val av rådet. Dette inneber at dei vanlege reglane i kommunelova § 7-2 om valbarheit og kven som er utelukka i § 7-3 gjeld, sjå omtala i kapittel 6.

Det som er særskild for kommunar med parlamentarisk styreform, er § 7-3 første ledd bokstav h om at tilsette i sekretariatet til kommunerådet som har fått delegert myndigheit frå rådet ikkje er valbare. Tolkning av omgrepet "rådets sekretariat" vil ligge til kommunestyret. Kva for personar i rådet sitt sekretariat som kan utøve delegert myndigheit, vil gå fram av interne instruksar og reglement.

Kommunelova § 10-4 fjerde ledd har føresegn om val av kommuneråd. I eit framlegg til råd skal det stå kven som skal vere leiar, nestleiar og medlemmer av rådet. Det er dei som fremjar eit framlegg som fastset kor mange medlemmer rådet skal ha. Retten til å foreslå medlemmer vil ligge til det partiet/dei partia som ønskjer å danne råd. Røystinga over dei ulike framlegga skjer etter føresegna i § 11-9 andre ledd.

Reglane i § 7-7 om kjønnsmessige samansetning ved avtaleval gjeld for framlegg til medlemmer av kommunerådet etter § 10-4 femte ledd. Desse krava om representasjon frå begge kjønn er nærare omtala i punkt 7.2.

5.2.2 Skifte av kommuneråd i valperioden

Kommunelova inneheld føresegn om skifte av kommuneråd i valperioden. Dersom kommunestyret har vedteke at kommunerådet skal fråtre, eller kommunerådet sjølv har meldt at det vil fråtre, følgjer det av § 10-4 tredje ledd at kommunestyret skal velje nytt kommuneråd seinast i det neste møtet. Det same gjeld dersom leiaren av kommunerådet trer ut. Eit nytt kommuneråd trer i funksjon straks det er vald.

Dersom ein medlem av kommunerådet trer ut etter eige ønske eller etter ønske frå kommunestyre, skal rådet i det første kommunestyremøtet foreslå ei ny samansetning av rådet. Medlem som trer ut av kommunerådet, skal fungere i vervet fram til kommunestyret har vedteke ei ny samansetning.

5.2.3 Uttreden frå andre verv medan ein er medlem av kommunerådet

Etter kommunelova § 10-2 tredje ledd og § 10-6 andre ledd trer høvesvis eit rådsmedlem og ein tilsett i ei politisk stilling knytt til kommunerådet ut av sine andre kommunale verv i funksjonsperioden. Det er opp til den einskilde kommunen om dei vil bruke settemedlemmer eller velje nye faste medlemmer til dei verva kommunerådane trer ut av. For vervet som kommunestyremedlem skal ein følgje dei vanlege reglane i kommunelova § 7-10 første ledd om opprykk av varamedlem for den tida ein fast medlem i kommunestyre er medlem av eit kommuneråd.

Føresegnene om å tre ut må forståast slik at kravet gjeld berre i det same forvaltningsnivået som ein er medlem av kommunerådet av. Ein medlem av kommunerådet treng såleis ikkje

tre ut av sine fylkeskommunale verv, og ein medlem av fylkesrådet treng ikkje tre ut sine kommunale verv.

5.3 Utpeiking av kommunerådsleiar og medlemmer av kommunerådet

Kommunelova § 10-5 opnar for ein alternativ måte for å danne kommuneråd på. Dersom kommunestyret vel å nytte seg av denne måten, har ordføraren ei plikt til å gje ein kommunerådsleiarkandidat i oppdrag å danne nytt råd når den politiske situasjonen tilseier det. Ordføraren skal peike ut den kandidaten han eller ho etter politiske sonderingar trur kan samle størst oppslutning for eit kommuneråd.

Om eit skifte av kommuneråd er ei følgje av eit kommunestyreval, skal den personen som til kvar tid formelt har ordførarvervet peike ut ein kandidat til vervet som kommunerådsleiar. Den leiarkandidaten som er utpeika, set sjølv saman eit kommuneråd, og det nye kommunerådet konstituerer seg sjølv. Kommunerådet skal derfor ikkje veljast av kommunestyret. Leiarkandidaten avgjer kor mange medlemmer det skal vere i kommunerådet og kven dette skal vere. Når leiaren set saman rådet sitt, er han eller ho likevel bunden av reglane i kommunelova om kjønnsbalanse, jf. tilvisinga til § 7-7 i § 10-5 andre ledd.

Kommunerådsleiaren kan når som helst skifte ut medlemmer av kommunerådet. Det inneber at rådsleiaren kan auke eller redusere talet på kommunerådsmedlemmer også etter at kommunerådet er konstituert. Kommunerådet skal sende melding til kommunestyret om samansetninga straks det har konstituert seg og straks det har skjedd endringar i samansetninga av kommunerådet.

Funksjonstida til kommunerådet er uavhengig av valperioden for kommunestyret. Ved skifte av kommuneråd blir kommunerådet som frårtrer sitjande inntil eit nytt kommuneråd har konstituert seg.

5.4 Fråtreding frå kommunerådet

Etter § 10-7 første ledd, så må eit framlegg om at kommunerådet eller einskilde medlemmer av kommunerådet skal fråtre, setjas fram i eit kommunestyremøte. Framlegget skal handsamast i det neste møtet dersom ikkje 2/3 av de i møtande medlemmene krev at det skal røystast over framlegget i det same møte der forslaget er fremja.

Dersom kommunerådet ønsker å fråtre av eiga ønske, må det melde frå om dette i eit kommunestyremøte, jf. § 10-7 andre ledd. Det kommunerådet som frårtrer skal likevel sitja inntil eit nyt kommuneråd er sett saman.

Føresegnene i § 10-7 gjeld uavhengig av om kommunerådet og medlemmene i kommunerådet er vald etter § 10-4 eller peika ut etter § 10-5.

6. Kven kan og kven kan ikkje veljast til folkevalde organ

6.1 Kven kan veljast

Det er ikkje mange avgrensingar i kven som kan veljast inn i dei ulike folkevalde organa i ein kommune. Eit viktig føremål med lova er eit representativt lokaldemokrati med aktiv innbyggardeltaking.

Føresegnene i § 7-2 gjeld for dei organa som nemnd i § 7-2 første ledd, og det er:

- kommuneråd og fylkesråd
- utval, medrekna kommunedelsutval, kontrollutval og partssamansette utval
- felles, folkevald nemnd i vertskommunesamarbeid
- styret for ein institusjon
- styrer etter § 10-8
- representantskap og andre styringsorgan for eit interkommunalt politisk råd
- representantskap og andre styringsorgan for eit kommunalt oppgåvefellesskap
- styret for kommunalt eller fylkeskommunalt føretak
- eit kommunalt eller fylkeskommunalt folkevald organ oppretta med heimel i særlov
- arbeidsutval vald av kommunedelsutval

Valbare, og pliktige til å ta imot val, er alle som oppfyller desse vilkåra i § 7-2 tredje ledd:

- har røysterett ved val til kommunestyre eller fylkestinget
- står i folkeregisteret som busett i vedkomande kommune/ein av kommunane i fylket på det tidspunkt valet finn stad
- har gjeve skriftleg samtykke til å stille til val

Personar som ikkje har nådd røysterettsalderen kan veljast, dersom dei fyller dei andre vilkåra for valbarheit, jf. kommunelova § 7-2 femte ledd. Det er inga nedre aldersgrense. Den som ikkje har nådd røysterettsalderen, har likevel ikkje plikt til å ta imot val og treng ikkje vise til anna fritaksgrunn enn alderen for ikkje å ta imot vervet. Ut frå samanhengen må denne føresegna bli oppfatta slik at ho ikkje omfattar dei som fyller 18 år i løpet av valåret. Dei er røysteføre ved valet, og dermed pliktige til å ta i mot val til organa dersom dei har gjeve skriftleg samtykke.

Det er folkeregisterføringa på valtidspunktet for val av organa som er avgjerande for valbarheita. Det er ikkje eit krav om at vedkomande har hatt røysterett i kommunen ved kommunestyrevalet. Dette inneber at ein person som har flytta frå ein kommune til ein annan etter valdagen, kan veljast som medlem av eit utval i innflyttingskommunen, dersom vedkomande er blitt registrert som innflyttar til kommunen før kommunestyret gjennomfører valet.

Dersom kommunen har kommunedelsutval, kan kommunestyret sjølv vedta at berre dei som er busett i den aktuelle kommunedelen er valbar til det aktuelle kommunedelsutvalet, jf. § 7-3 fjerde ledd.

Det er eit nytt lovkrav at personar må gjeve skriftleg samtykke til å stille til val, jf. kommunelova § 7-2 tredje ledd bokstav c. Dette er eit unntak frå ombodsplikten, og er grunngitt i at det er gjort liknande endringar i vallova. Det er den som foreslår den aktuelle personen som skal hente inn samtykket, og samtykke må ligg føre når kandidaten skal veljast. Utover at samtykke må vere skriftleg og ligg føre før valet, er det ikkje andre krav til samtykke, og kandidaten kan gje samtykke på for eksempel SMS eller e-post i løpet av eit møte før sjølve valet blir gjennomført.

6.2 Kven kan ikkje veljast

På same måte som at det er eit ønske om at flest mogleg skal vere valbare til folkevalde organ, er det eit ønske om at færrest mogleg av dei valbare skal vere utestengde frå å kunne bli vald til eit verv i kommunen. Det er likevel nokre personar lovgjevar meiner ikkje bør kunne ha eit folkevald verv, og det er særleg knytt til personen si stilling eller arbeidsoppgåver. For nokre organ i kommunen er det særlege føresegner om kven som ikkje kan veljast, og det er nærare omtala i samband med dei nemnde organa.

Ved val av dei organa som er nemnd i § 7-2 første ledd, kan følgjande personar ikkje veljast etter kommunelova § 7-3 første ledd:

- fylkesmannen og assisterande fylkesmann
- kommunedirektøren i kommunen/fylkeskommunen og hans eller hennar avløysar
- kommunalsjefar, etatssjefar og leiarar på tilsvarande nivå
- sekretæren for kommunestyret/fylkestinget
- den som er ansvarleg for rekneskapsfunksjonen i kommunen/fylkeskommunen
- dei som utfører revisjon for kommunen/fylkeskommunen
- tilsette i sekretariatet som utfører tenester for kontrollutvalet i kommunen/fylkeskommunen
- tilsette i sekretariatet til kommunerådet/fylkesrådet som har fått delegert myndigheit frå rådet

I den gamle kommunelova stod det at "leder av forvaltningsgren" ikkje kan veljast. Dette er i den nye lova endra til at "kommunalsjefer, etatssjefer og ledere på tilsvarende nivå" ikkje kan veljast til folkevalde organ. I utgangspunktet må organet som vel medlemmer sjølv ta stilling til dette ut frå korleis administrasjonen er organisert i den aktuelle kommunen. Eit viktig utgangspunkt i vurderinga er at færrest mogleg skal vere utestengd frå val til kommunale organ.

Det er tilsettingstilhøvet når organet kjem i funksjon, det vil seie den dagen det har det første møtet sitt, som er avgjerande for valbarheita, jf. kommunelova § 7-3 sjuande ledd. Ein person som på grunn av stillinga ikkje er valbar, kan veljast som medlem av organet dersom

vedkomande sluttar i stillinga før organet kjem i funksjon. Det er ikkje tilstrekkeleg med permisjon. Dersom vedkomande ikkje har byrja i stillinga, og har fått innvilga permisjon for heile valperioden, meiner departementet at han eller ho likevel er valbar.

Departementet vil presisere at personar som på grunn av stillinga si i kommunen ikkje kan veljast til kommunale organ, likevel er valbare til fylkeskommunale organ. Det same gjeld for personar som på grunn av stillinga si i fylkeskommunen ikkje kan veljast til fylkeskommunale organ, dei kan likevel veljast til kommunale organ.

7. Korleis velje medlemer til folkevalde organ

7.1 Kva metode skal nyttas

Val av medlemer til folkevalde organ skal skje som forholdsval når minst ein medlem krev det, jf. kommunelova § 7-4 første ledd. I andre tilfelle skjer valet om avtaleval. Fleirtalet kan såleis ikkje avvise eit krav om forholdsval. For val av formannskap følgjer dette også av § 5-6 andre ledd andre punktum.

Alle medlemer av folkevalde organ har ein rett og ei plikt til å røyste, jf. § 8-1 første ledd, men § 8-1 andre ledd andre punktum opnar opp for at det er høve til røyste blankt ved val og vedtak om tilsetjing.

7.2 Avtaleval

Ved avtaleval er framgangsmåten avhengig av oppslutnad frå ei *samrøystes* forsamling. Dette gjeld både framlegget over kandidatar, og at valet skal skje som avtaleval.

Det blir lagd fram ei innstilling med namn på kandidatane som organet skal slutte seg til. Dette kan for eksempel gjennomførast på den måten at eit valutval, som kan vere sett ned av kommunestyret, legg fram ei innstilling til personsamansetninga i det organet det skal veljast medlemer til. Framlegget kan også vere laga på bakgrunn av ein avtale mellom gruppene i det organet som skal velje medlemer, der ein for eksempel legg til grunn at ei gruppe får ein representasjon som svarer til prinsippet om høveleg representasjon. Det betyr at plassane i organet skal fordelast ut ifrå samansetninga i det organet som vel medlemer, og fordelinga mellom gruppene blir omtrent det same i begge organ.

Innstillinga frå valutvalet skal splittast opp, slik at ein nemner medlemer og varamedlemer frå kvart parti eller kvar gruppe, med parti- eller gruppenemning. Varamedlemene blir dermed ikkje varamedlemer for andre enn dei faste medlemene frå vedkomande gruppe, og det er ikkje høve til å opprette ei felles liste over varamedlemer.

Ved avtaleval stiller kommunelova § 7-7 tredje ledd krav om at det skal vere balanse mellom personar frå kvart kjønn blant dei medlemene som blir valde når ein ser på organet under eitt. Dette inneber at dersom organet skal ha fire medlemer eller fleire, så må kvart kjønn

vere representert i organet med minst 40 prosent. Dersom organet har tre eller færre medlemmer, så skal kvart kjønn være representert.

Ved val til organ der det ifølgje kommunelova berre kan vere medlemmer som også er medlem av det veljande organet, som for eksempel formannskap og arbeidsutval for folkevalde organa, kan det vere vanskeleg å oppnå desse krava til kjønnsbalanse. Derfor fastset § 7-7 tredje ledd siste punktum, at reglane om samansetninga av representantar frå begge kjønn berre skal følgjast så langt det er mogleg. Dette inneber for eksempel at krava om representasjon frå begge kjønn ikkje gjeld absolutt ved val til formannskap. At kravet likevel gjeld så langt det er mogleg, medfører at ein må kvotere inn personar frå det under-representerte kjønn, så lenge det er nokon som kan veljast.

Innstillinga kan for eksempel sjå ut slik når det skal veljast eit formannskap med sju medlemmer (lista er fiktiv og berre til illustrasjon):

Medlemer	Varamedlemer:
Hans Olsen, Bygdepartiet Liv Pedersen, Bygdepartiet Karl Nilsen, Bygdepartiet	Trine Vik, Bygdepartiet Ole Andresen, Bygdepartiet Hjalmar Lunde, Bygdepartiet Kari Olsen, Bygdepartiet Eva Nilsen, Bygdepartiet
Fredrik Lange, Samfunnspartiet Kristine Lund, Samfunnspartiet	Iver Ramm, Samfunnspartiet Hanne Svendsen, Samfunnspartiet Richard Os, Samfunnspartiet Anne Bergli, Samfunnspartiet
Knut Fredriksen, Felleslista	Per Strøm, Felleslista Frank Aakre, Felleslista Stein Lind, Felleslista
Berit Holm, Rettferdspartiet	Tone Green, Rettferdspartiet Liv Pedersen, Rettferdspartiet Hanne Aall, Rettferdspartiet

Her er det fire menn og tre kvinner blant dei faste medlemene. Kravet i lova om minst 40 prosent er oppfylt. Av dei 15 varamedlemene er det sju menn og åtte kvinner. Det følgjer av lova at det skal vere minst 40 prosent av kvart kjønn også blant varamedlemene. Dette kravet for varamedlemene er oppfylt, det er ikkje i strid med lova at eit parti har berre menn og eit anna har berre kvinner i gruppa av varamedlemer.

7.3 Forholdsval

7.3.1 Listeframlegg

Valet skjer på grunnlag av lister med framlegg til kandidatar, jf. kommunelova § 7-5 første ledd. Lova set ingen frist for innlevering av listeframlegg. Dette inneber at listeframlegg kan leggst fram heilt til røystingstidspunktet.

Det er berre dei partia eller grupperingane som er representerte i det organet som vel medlemmer (for eksempel kommunestyret) som har rett til å stille liste. Eit parti eller ei gruppering kan berre levere inn eitt listeframlegg. Dersom det blir lagt fram to ulike listeframlegg som begge inneheld kandidatar frå same parti/gruppering, kan berre eitt av dei bli godkjent.

Det er det einskilde partiet eller den einskilde grupperinga som sjølv må ta stilling til kva for eit framlegg som skal gjelde. Ved intern usemje vil det vere det alternativet som får størst oppslutning i partiet/gruppa som blir partiet/gruppa sitt offisielle listeframlegg. I utgangspunktet har alle medlemene som er valde inn på lista, rett til å ta del i avgjerda om korleis partiet/grupperinga sitt listeframlegg skal sjå ut. Personar som har meldt seg ut av partiet eller som er blitt ekskluderte, vil likevel ikkje ha rett til å ta del i denne prosessen. Medlemmer av organet som ikkje lenger representerer eit parti eller ei gruppering, vil i høve til desse føresegnene bli sett på som ei ny gruppering (eventuelt fleire grupperingar), og kan derfor stille egne listeframlegg.

Kandidatar frå eit parti eller ei gruppering kan berre bli ført opp på listeframlegg som blir levert inn av dette partiet eller denne grupperinga, eventuelt på ei fellesliste som blir levert inn av fleire parti eller grupperingar.

Kommunelova inneheld ikkje noko krav om overskrift på listeframlegget. Etter departementet si oppfatning bør likevel lista ha ei overskrift som viser kva for gruppering(ar) som står bak framlegget.

Kvar liste kan innehalde inntil dobbelt så mange forskjellige namn som det skal veljast medlemmer til organet. Dette inneber at det ikkje er høve til å kumulere kandidatar.

Til skilnad frå det som gjeld ved avtaleval, er det ikkje noko krav til kjønnsbalanse for organet som heilskap. Ved forholdsval er det berre krav til representasjon av begge kjønn på dei ulike listeframlegga. I § 7-5 andre ledd heiter det at dersom det skal veljast fire medlemmer eller fleire, skal kvart kjønn vere representert med minst 40 prosent blant kandidatane på den einskilde lista. Dersom det skal veljast to eller tre medlemmer, skal begge kjønn vere representert.

Det vil vere talet på medlemene i det einskilde organet som avgjer kor mange frå kvart kjønn som skal førast opp på listeframlegga. Ved val av formannskap, som etter lova berre skal bestå av medlemmer av kommunestyret, skal reglane om kjønnsmessig representasjon følgjast så langt det er mogleg. Kravet til kjønnsmessig representasjon på listeframlegga gjeld altså ikkje absolutt ved val til for eksempel formannskap eller arbeidsutval. Dei som legg fram listeframlegga plikter likevel å oppfylle kravet om kjønnsrepresentasjon så langt det er mogleg også ved desse vala.

Krava i lova om at begge kjønn skal vere representert gjeld i dei tilfella der det finst kandidatar frå begge kjønn. Dersom det skal veljast sju medlemmer, må listeframlegget

innehalde minst tre menn og tre kvinner blant kandidatane. Dette vil ikkje vere mogleg dersom partiet/gruppa består av åtte menn og to kvinner, og ein berre kan velje blant dei ti personane på grunn av krav om gjennomgåande representasjon. Ettersom føresegna skal følgjast så langt det er mogleg, vil listeframlegget måtte innehalde fem menn og to kvinner.

Listeframlegget skal vere underskrive av minst éin medlem av det partiet eller den grupperinga som står bak listeframlegget. Ved ei fellesliste må listeframlegget vere underskrive av minst éin representant for kvart parti/kvar gruppering som står bak listeframlegget. Den eller dei som skriv under må vere medlem av organet som vel. Det er berre høve til å skrive under på eitt listeframlegg, og ingen kan som nemnd vere kandidat på meir enn éi liste.

Departementet meiner at møteleiaren bør informere om dei føresegnene som gjeld for valet. Dersom ein medlem av organet ber om at møteleiaren gjev slik informasjon, har møteleiaren plikt til å følgje oppmodinga. Departementet meiner dette må følgje av dei vanlege prinsippa for møteleiing.

Møteleiaren har ansvaret for at listene er i samsvar med lova, og skal gjere dei som står bak framlegga oppmerksame på eventuelle manglar ved framlegga. Blir desse ikkje retta, må møteleiaren avvise framlegget. Dersom nokon protesterer mot avgjerdene til møteleiaren, skal forsamlinga avgjere spørsmålet med alminneleg fleirtal.

7.3.2 Sjølve valet

Røystinga skal skje med bruk av røystesetlar. Det er ikkje høve til å føre opp kandidatar frå andre lister, og det er heller ikkje lov til å stryke kandidatar eller endre rekkefølga på kandidatane. Dette er endra i den nye kommunelova.

Valoppgjeret blir gjort av den forsamlinga som gjennomfører valet, og det vil seie av kommunestyret ved val av formannskapet og dei fleste utval. Føresegnene om oppgjeret er i § 7-6. Oppteljinga går føre seg ved at ein registrerer kor mange røyster den einskilde lista har fått.

Mandatutrekninga går føre seg på denne måten:

Ein skal dividere røystetala for kvar liste med delingstala 1, 2, 3, 4, 5 osv. (den såkalla d'Hondts metode). Plassane i organet blir deretter fordelt til dei listene som har dei største kvotientane. Har fleire lister same kvotient, går plassen til den lista som har det største røystetalet. Har fleire lister det same røystetalet, blir valet avgjort ved loddtrekking. Ein må gjere så mange divisjonar at ein er sikker på at ein har funne fram til dei største kvotientane.

Eit eksempel kan vere der det er 13 plassar i eit organ, og det er seks lister (A-F) ved valet. Røystinga i kommunestyret med 45 medlemmer går også fram av kolonnen me delingstal 1. Denne tabellen viser korleis ein reknar seg fram til kor mange medlemmer kvar liste får:

Divisjon med:	1	2	3	4	5	6	7
A	18	9	6	4,5	3,6	3	2,57
B	14	7	4,66	3,5	2,8	2,33	2
C	7	3,5	2,33	1,75	1,4	1,16	1
D	3	1,5	1	0,75	0,6	0,5	
E	2	1	0,66				
F	1	0,5	0,33				

For å avgjøre kor mange medlemmer kvar liste får, så finn ein dei 13 høgaste tala (kvotientane) i tabellen, og det er dette som avgjer kven som får dei 13 medlemmene i organet. Medlemmene fordeler seg slik:

Liste A: 6 medlemmer

Liste B: 4 medlemmer

Liste C: 2 medlemmer

Liste D: 1 medlem

Liste E og F, får ingen medlemmer i organet.

Så langt det er mogleg, skal kvar liste få tildelt så mange varamedlemmer som ho får medlemmer, med tillegg av to, jf. § 7-6 femte ledd. Plassane til varamedlemmene blir fordelte ved at ein held fram oppteljinga på same måten som for medlemmene.

Krava om representasjon frå begge kjønn

Det følgjer av føresegnene om kjønnsbalanse i kommunelova, at ein må gjere endringar dersom krava i lova ikkje er oppfylt. Som hovudregel skal utpeikinga følgje rekkefølgja på lista, men krava til kjønnsmessig representasjon kan føre til at det må gjerast endringar. Ein må her sjå på den gruppa den einskilde lista har fått vald inn, og ikkje på organet samla. Dette inneber følgjande:

Har lista fått minst fire medlemmer, skal kvart kjønn vere representert med minst 40 prosent frå lista, jf. 7-6 tredje ledd. Dersom det tre eller færre medlemmer, skal kvart kjønn vere representert. Dersom det står kandidatar frå det underrepresenterte kjønn lenger ned på lista, skal desse rykke opp i det omfang det er nødvendig for å tilfredsstille krava til krava til kor mange det må vere frå kvart kjønn.

Desse føresegnene i § 7-6 tredje ledd skal følgjast så langt det er mogleg når det gjeld val av organ der medlemmene som veljast må vere medlemmer av kommunestyret og ved val av arbeidsutval der medlemmene må vere medlemmer av utvalet, jf. § 7-6 fjerde ledd.

7.4 Fleirtalsval

Når organet berre skal velje ein person, vil det ofte vere lite formålstenleg med forholdsval eller avtaleval. Då er det betre med fleirtalsval. Etter § 7-4 andre ledd skal blant anna leiaren av eit organ veljast ved fleirtalsval. Føresegnene om fleirtalsval er i § 7-8.

I § 7-8 første punktum slår lova fast at det er den personen som har fått meir enn halvparten av røystene som har vunne valet. Dersom det ikkje er nokon kandidat som har fått meir enn halvparten av røystene i den første runden, skal det vere ei ny røysting, jf. § 7-8 andre punktum. I denne andre røystinga er det kandidaten som har fått flest røyster som har vunne. Dersom det er to eller fleire som har fått like mange røyster i den andre runden, skal det vere loddrekning mellom dei som har fått like mange røyster.

Eit eksempel på eit fleirtalsval kan vere at eit organ med elleve medlemer skal velje ein leiar. Det er tre kandidatar, og dei får høvesvis 5, 4, og 2 røyster kvar. Då er det ingen som har fått meir enn halvparten, og det krev ei ny røysting. I denne runden er det framleis tre kandidatar, men no tenkjer vi at dei får høvesvis 5, 5 og 1 røyster kvar. Då skal det vere loddrekning mellom dei to kandidatane som fekk fem røyster. Hadde dei fått høvesvis 5, 4 og 2 røyster også i den andre runden, så ville personen med 5 røyster ha vunne sjølv om det ikkje er meir enn halvparten.

8. Uttreden, fritak, suspensjon m.m.

8.1 Uttreden

Ein folkevald person som i løpet av valperioden ikkje lenger oppfyller krava til valbarheit til eit folkevald organ, mister vervet. Personen skal etter § 7-9 første ledd automatisk tre ut av det aktuelle organet. Dette kan for eksempel vere at personen flyttar til ein anna kommune, eller får ei stilling som gjer at han eller ho er utelukka frå valet etter føresegnene i § 7-3. Mister ein folkevald person valbarheita, så er det ikkje nødvendig med søknad eller handsaming i kommunestyret på same måte som når personen søker om fritak etter føresegna i § 7-9 andre ledd.

§ 7-9 har ein særleg regel om dei høva kor ein folkevald person flyttar ut av kommunen, og ikkje lenger er valbar, men flytter tilbake til den aktuelle kommunen. Dersom han eller ho flyttar tilbake innan to år, kan personen tre inn igjen i vervet.

8.2 Fritak

Ein folkevald person kan etter § 7-9 andre ledd søke om å bli fritatt frå vervet som folkevald. Dette kan omtales som "frivillig uttreden", og skil seg derfor frå føresegnene i § 7-9 første ledd kor ein automatisk mister vervet og § 7-11 om suspensjon og liknande der kommunestyret tar vervet som folkevald frå ein person.

Dersom ein folkevald person ikkje kan ivareta vervet utan at det fører til "vesentlig ulempe for han eller henne", kan kommunestyret etter § 7-9 andre ledd frita han eller ho for resten av

valperioden eller berre mellombels for ein avgrensa periode. Ein kan for eksempel gje fritak for eit halvt år grunna eit studieopphald i utlandet, men fritaket kan også vere utan sluttdato. Dette kan vere aktuelt dersom ein medlem av kommunestyret blir statsråd eller statssekretær ettersom ein ikkje alltid veit kor lenge vedkomande har dette vervet.

Som vesentleg ulempe for den folkevalde personen vil typisk vere hans eller hennar si helsetilstand, arbeidsforhold, familieforhold eller andre velferdsgrunnar. Ulempa må som utgangspunkt gjelde den folkevalde personen sjølv, og det skal normalt ikkje vere fritaksgrunn at for eksempel arbeidsgivaren ikkje er nøgd med at han eller ho er borte for å delta i møte i folkevalde organ. Det skal ikkje vere kurant å gje fritak frå eit folkevald verv, og lova krev at ulempa med å forsette i vervet skal vere *vesentleg*. Når kommunestyret handsamar søknaden, skal dei legge vekt på om grunnlaget for søknaden var kjend då personen ga sitt samtykke til å bli vald til vervet. Ein folkevald person som ikkje har nådd alderen for røysterett, har krav på fritak dersom han eller ho ber om det.

Etter § 7-9 tredje ledd kan personen som har fått eit mellombels fritak, ikkje tre inn i vervet igjen før fritaksperioden er over. I nokre høve vil kommunestyret si avgjerd ha ei sluttdato, men det kan vere at ein gjer fritak så lenge grunnen for fritak er til stede. Dette kan for eksempel vere at personen er statssekretær eller går gjennom ei medisinsk behandling. Då vil fritaksperioden vere over når personen ikkje lenger er statssekretær eller når behandlinga er over, og den folkevalde personen kan då straks tre tilbake i vervet.

Den folkevalde personen som ønsker fritak må søke om dette. Kommunestyret kan ikkje fritak nokon utan at det har kome ein søknad.

8.3 Suspensjon

Det kan hende at det blir teke ut sikting eller tiltale mot ein folkevald person i kommunen, og då kan det vere spørsmål om personen skal halde fram som folkevald. Kommunestyret har etter § 7-11 første ledd høve til å ta det folkevalde vervet frå ein person fram til saka er rettskraftig avgjort. Dette gjeld berre dersom siktinga eller tiltala for tilhøve som er nemnd i straffelova §§ 151-154, 170 bokstav b, 171 til 174, 208 til 210, 353, kapittel 27 eller 30, og i tillegg må tilhøve ha samband med utøvinga av eit verv for kommunen. Dette siste vilkåret gjeld ikkje for tilhøve som er nemnd i straffelova §§ 151 til 154. Ein som er suspendert kan ha krav på godtgjersle i inntill eitt år, jf. § 7-11 fjerde ledd.

Ein slik suspensjon gjeld berre i perioden mellom det er teke ut sikting eller tiltale, og til det er ein rettskraftig dom. I saka kan ein domstol gje dom om tap av retten til ei stilling eller eit verv, sjå straffelova § 58. Dersom domstolen ikkje har avsagt ein dom med tap av retten til vervet, skal den folkevalde personen som hovudregel ta opp att det folkevalde vervet i kommunen.

Når det gjeld vervet som ordførar, har kommunestyret etter § 7-11 andre ledd eit utvida høve til å vedta suspensjon. Denne føresegna er ny i den nye kommunelova. Dersom det blir teke

ut tiltale mot ein ordførar for eit tilhøve som kan straffast med fengsel i meir enn tre år, kan kommunestyret ta vervet frå ordføraren fram til saka er rettskraftig avgjort. Ei slik avgjerd må gjerast med minst 2/3 av røystene i kommunestyret.

Ei avgjerd om suspensjon er eit enkeltvedtak etter forvaltningslova, som kan klagast på. Enkeltvedtaket kan også vere gjenstand for lovlegkontroll etter kapittel 27 i kommunelova.

8.4 Avgjerder om å ta vervet frå ordføraren

Etter kommunelova § 7-11 fjerde ledd kan kommunestyret sjølv vedta å ta frå ein ordførar vervet på varig basis. Dette kan berre gjerast dersom ordføraren har ein oppførsel som viser at han eller ho er uskikka til å ta hand om vervet. Det skal vere ein høg terskel for å ta ei slik avgjerd, og det er berre aktuelt i dei tilfella der ordføraren ikkje kan fungere i sitt verv som den fremste folkevalde i kommunen. Tilhøva som kommunestyret kan legge til grunn treng ikkje ha samanheng med korleis ordføraren utfører vervet, og det kan vere andre høve som ligg til grunn. Eit eksempel kan vere at ordføraren blir dement, og ikkje sjølv kan vurdere sin eigen situasjon. Ordføraren vil då kanskje ikkje søke fritak, men det kan vise seg nødvendig at det blir vald ein ny ordførar. Det står meir om denne typen avgjerder i Prop. 46 L (2018–2019) på side 109 og 365.

Eit slikt vedtak må ha støtte frå minst 90 prosent av medlemene i kommunestyret. Avgjerda om å ta vervet frå ordføraren er eit enkeltvedtak etter forvaltningslova. Vedtaket kan også vere gjenstand for lovlegkontroll etter kapittel 27 i kommunelova.

9. Opprykk, nyval og suppleringsval

9.1 Opprykk og innkalling av varamedlem

Etter kommunelova § 7-10 første ledd skal varamedlem kallast inn når ein medlem av eit folkevald organ har forfall til eit møte. Dersom organ er vald ved forholdsval, skal det kallast inn ein varamedlem frå det parti eller den gruppa der det er forfall. Med "gruppe" er her meint den gruppa av parti som gjeikk saman om å stille ei felles liste ved valet til det aktuelle organet.

Det hender at ein medlem eller varamedlem til eit folkevald organ melder seg ut av partiet, og inn i eit anna parti, eller vel å vere uavhengig. Den som er vald inn i formannskapet eller eit anna folkevald organ har både rett og plikt til å delta i møte, uavhengig av partitilknytning, så lenge vedkomande ikkje mister valbarheita eller får fritak etter søknad. Dersom vedkomande har forfall, skal varamedlem kallast inn frå det partiet han eller ho blei vald inn for, og ikkje det partiet vedkomande har meldt seg inn i.

Dersom ein varamedlem har skifta parti, skal vedkomande kallast inn når det er forfall frå det partiet han eller ho blei vald inn for, ikkje det partiet vedkomande no representerer. Det er situasjonen på valtidspunktet som i hovudsak avgjer kven som skal kallast inn for kven. Lova

har ikkje føresegner om korleis kommunen skal omtale ein varamedlem som har skifta parti, når det gjeld innkalling til møte, føring av protokoll m.m. Dette er det opp til kvar kommune å fastsetje.

9.2 Val av settemedlem

Føresegna i kommunelova § 7-10 andre ledd er ny i den nye lova, og gjev reglar om val av settemedlem. Dersom ein folkevald person i eit anna organ enn kommunestyret har eit mellombels fritak på meir enn tre månader, kan kommunestyret velje ein settemedlem i den perioden. For at kommunestyret kan velje settemedlem, må det altså vere gjeve eit fritak. Kommunestyret kan ikkje velje ein settemedlem sjølv om det er klart at personen ikkje vil komme på møte det neste halvåret, så lenge det ikkje er gjeve eit fritak. Kommunestyret må følgje rekkefølgja på lista over varamedlemer ved val av settemedlem. Dersom personen som har fått fritak også er medlem av kommunestyret, må det kallast inn ein varamedlem for vedkomande til kvart kommunestyremøte etter føresegna i § 7-10 første ledd.

9.3 Opprykk og nyval

Dersom ein medlem av kommunestyret trer endeleg ut av vervet, skal ein varamedlem frå same liste rykke opp og ta deira plass og bli nye faste medlemer i kommunestyret, jf. § 7-10 tredje ledd. Dei skal rykke opp i den rekkefølgja dei er vald på, og organet må følgje lista over varamedlemer.

Dersom ein medlem av eit anna folkevald organ enn kommunestyret går ut eller får varig fritak, skal det veljast ny medlem, sjølv om det er vald varamedlem. I den nye lova § 7-10 fjerde ledd første punktum er det også slik at ein skal velje ny varamedlem dersom han eller ho trer endeleg ut av organet.

Eit slikt nyval skal skje frå den same gruppa som den som trer ut er med i, jf. § 7-10 fjerde ledd andre punktum. Med gruppe viser lova til dei partia som gjekk saman ved valet val av det aktuelle organet, ikkje gruppe ved kommunestyrevalet. Dette gjer det mogleg – dersom den som trer ut høyrer til ei gruppe som er basert på samarbeid mellom fleire parti ved forholdsval – å velje eitt nytt medlem frå det same partiet som den som går ut, men det er også mogleg å velje frå eit anna parti som er med i gruppa.

Prinsippet om representasjon frå begge kjønn gjeld òg ved *utskifting* av medlemer av folkevalde organ i valperioden. Føresegner om dette er tatt inn i § 7-10 fjerde ledd tredje punktum. Den nye medlemen skal kome frå det kjønn som er underrepresentert, dersom ikkje begge kjønn vil vere representert med minst 40 prosent etter utskiftinga.

Krava om representasjon av begge kjønn gjeld her i høve til *heile organet*, ikkje i høve til den einskilte gruppa. Dersom det for eksempel er ni medlemer i formannskapet (tre kvinner og seks menn), så får ein mannleg medlem fritak ut valperioden og det skal veljast ein ny medlem i formannskapet. Dersom det er mogleg, skal kommunestyret velje ei kvinne (frå den same gruppa som den som går ut), som blir den som går inn i formannskapet. Etter utskiftinga vil dermed formannskapet bestå av fire kvinner og fem menn.

Det følgjer av føresegna at ein representant for det underrepresenterte kjønn skal tre inn "hvis det er mulig". Reservasjonen er nødvendig fordi val av medlemmer til blant anna formannskap skjer på grunnlag av lovfastsett krav om gjennomgåande representasjon. Det vil derfor kunne oppstå tilfelle der det ikkje finst nokre medlemmer for det underrepresenterte kjønn frå den aktuelle gruppa som kan erstatte medlemmen som går ut.

Føresegnene om representasjon frå begge kjønn gjeld ved nyval av varamedlemer, jf. kommunelova 7-10 sjette ledd.

Eit nyval etter § 7-10 fjerde ledd skjer ved at partiet eller gruppa som treng nytt medlem blir einige og foreslår kven som skal veljast. Kommunestyret blir informert om kven det er, og vel den aktuelle kandidaten så fremt kandidaten er valbar. Det er ikkje eit fleirtalsval, og det er dermed ikkje høve for eit fleirtal av kommunestyret å velje nokon annan enn den personen som partiet eller gruppa har foreslått.

Ved nyval rykker den nye medlemmen inn på den ledige plassen, og det same gjeld også for nyvalde varamedlemer. Dersom det skal veljast varamedlem for å "erstatte" varamedlemmen på andre plass av ei liste på fem varamedlemer, så går vedkomande inn som andre varamedlem sidan dette er den ledige plassen. Det er også mogleg å velje at den som er tredje varamedlem skal rykke opp på den ledige plassen, jf. Prop. 46 L (2018–2019) side 117 flg.

9.4 Suppleringsval

Dersom eit parti eller gruppe si liste med varamedlemer til formannskapet eller eit anna folkevald organ viser seg å vere for kort, opnar § 7-10 sjette ledd for at det er mogleg å supplere denne lista med nye varamedlemer. Medlemene vert valde på same måte som ved nyval, og dei nye medlemene skal plasserast nedst på lista over varamedlemer.

10. Verknader av at eit organ som ikkje er lovleg samansett gjer vedtak

Spørsmålet om eit folkevalt organ er samansett i samsvar med reglane om kjønnsbalanse, vald på ein ulovleg måte eller at organet har ein medlem som ikkje er valbar og kva følgjer denne eventuelle feilen kan få for dei vedtaka organet har gjort, kan dukke opp i to samanhengar. For det første kan det vere sett fram krav om lovlegkontroll etter kommunelova § 27-1. For det andre kan det vere klaga på eit vedtak etter føresegnene i forvaltningslova kapittel VI.

Departementet meiner at feil med omsyn til samansetninga eller valet, ikkje automatisk fører til at alle dei vedtaka organet har gjort blir ugyldige. Ein må gjere ei konkret vurdering av kvart einskild vedtak. Dersom det er grunn til å rekne med at ei feilaktig samansetning av utvalet ikkje har hatt noko å seie for innhaldet i vedtaket, vil det likevel kunne vere gyldig, jf. prinsippet i forvaltningslova § 41.

11. Møteoffentlegheit i folkevalde organ

Kommunelova § 11-2 første ledd presiserer at folkevalde organ, i tillegg til å gjere vedtak, skal handsame sakene sine i møte. Departementet vil understreke at også handsaming og drøfting av sakene skal skje i formelle møte. Eit samkome i eit folkevald organ vil vere eit "møte" når det er fastsett på førehand at medlemene skal tre saman som folkevalt organ for å forhandle, drøfte, gjere vedtak eller på annan måte handsame saker og spørsmål som det etter lov, forskrift eller delegert avgjerdsrett har som oppgåve å handsame.

I § 11-5 første ledd er prinsippet om møteoffentlegheit slått fast. Føresegna framhevar at prinsippet om møteoffentlegheit er ei føresegn som gjev ålmenta rettar, og inneber at alle som ønsker det, har rett til å vere til stades på møte i folkevalde organ. Dette er likevel så lenge ikkje organet med heimel i lov har vedteke noko anna.

Lukking av møte skal skje med heimel i § 11-5 andre til fjerde ledd. Avgjerda om lukking av eit møte må gjerast av heile organet, og ikkje berre av møteleiaren. Organet eller møteleiaren kan avgjere at drøftinga om lukking eller ikkje, skal vere lukka, men røystinga skal alltid haldast for opne dører. Ein presis heimel for ei eventuell lukking skal stå i møteboka, jf. føresegna om møtebok i § 11-4.

Kommunale organ har i nokre høve ei plikt til å lukke møte, og dette står i § 11-5 andre ledd. Når organet skal handsame opplysningar som er underlagde teieplikt i lov, for eksempel etter forvaltningslova § 13, plikter organet å lukke møtet. Det same gjeld når eit folkevald organ skal handsame ei sak som gjeld tenestlege tilhøve til ein arbeidstakar. Uttrykket "tjenstlige forhold" i lova omfattar saker om tilsetjing, oppseiing, lønnsvilkår, permisjonar osv. Saker av meir overordna, generell og arbeidsgivarpolitisk karakter vil derimot falle utanfor denne føresegna. Slike saker kan for eksempel vere generelle saker om lønnspolitikken i kommunen, organisasjonsmessige tilhøve eller rutinar om sakshandsaminga.

I motsetnad til lukningsgrunnlag i § 11-5 andre ledd, er det to "kan-føresegn" om lukking i § 11-5 tredje ledd bokstav a og b. Etter bokstav a kan organet lukke eit møte dersom omsynet til personvern krev at møtet vert lukka. Det inneber at organet ikkje plikter å lukke møtet sjølv om omsynet til personvern krev det, men det har rettsleg høve til å gjere det. Døme på opplysningar som kan danne grunnlag for å lukke møtet etter denne føresegna, er opplysningar som det ikkje er knytt teieplikt til, men som likevel er av personleg og sensitiv karakter, slik at personen som opplysningane gjeld, bør skjermast mot at dei blir offentleg kjende.

Også tungtvegande offentlege interesser kan gje grunnlag for å lukke eit møte, jf. § 11-5 tredje ledd bokstav b. Det er to vilkår som må vere oppfylte. For det første må tungtvegande offentlege omsyn tilseie lukking. For det andre må det i offentleglova vere ein heimel om unntak frå innsyn dersom opplysningane hadde stått i eit dokument. Det folkevalde organet må altså finne at begge vilkåra er oppfylte, før det kan vedta å lukke møtet.

I vilkåret som omhandlar offentleglova ligg det at organet, dersom det kjem til at tungtvegande offentlege interesser tilseier lukking, må identifisere kva for ein heimel i offentleglova som gjer at vilkåret er oppfylt. Her vil dei mest aktuelle heimlane vere dei som er gjevne av omsyn til offentlege interesser. Som særleg praktiske unntaksgrunnlag i offentleglova kan det peikast på § 23 (omsynet til dei økonomiske interessene det offentlege har i forhandlingar), § 18 (omsynet til partsinteressa det offentlege har i sivile søksmål) og § 24 (omsynet til gjennomføringa av lovpålagde kontroll- eller reguleringstiltak).

Det er særskilde føresegner om møteoffentlegheit for kommuneråd i kommunelova § 11-5 fjerde ledd. Møta i kommunerådet er i utgangspunktet lukka, men rådet kan sjølv avgjere om møta deira skal vere opne. Til liks med andre folkevalde organ er kommunerådet pålagt å lukke møtet når det ligg føre teieplikt fastsett ved lov, eller når det skal handsame ei sak som gjeld tenestlege tilhøve hos ein arbeidstakar.

Det er ikkje eigne reglar om teieplikt om drøftingar i lukka møte. Om ei sak blir handsama for stengde dører etter kommunelova § 11-5, har medlemene berre teieplikt om dei opplysningane som er underlagd teieplikt etter lov. Eit folkevald organ har ikkje høve til å pålegge medlemene ei generell teieplikt om opplysningar som er unnateke offentlegheit eller drøfta i eit lukka møte.

12. Val og konstituering av nytt kommunestyre ved samanslåing av kommunar

Frå 1. januar 2020 slås mange kommunar saman. Samstundes vert 13 fylkeskommunar slått saman til seks nye fylkeskommunar. I desse kommunane og fylkeskommunane skal valet hausten 2019 gjennomførast som om grenseendringane allereie er gjennomført, jf. forskrifter om gjennomføring av kommunestyrevalet og fylkestingsvalet i 2019.

Inndelingslova § 27 første ledd seier:

"Når det er gjennomført val til kommunestyre eller fylkesting i løpet av september månad året før ei samanslåing eller deling som nemnt i § 3 andre ledd bokstav b, blir sett i verk, skal det nyvalte kommunestyret eller fylkestinget kallast saman til konstituerande møte innan utgangen av oktober månad."

Det inneber at kommunestyret og fylkestinget i samanslåtte kommunar og fylkeskommunar blir konstituert før samanslåinga trer i kraft. Om det konstituerande møtet seier inndelingslova § 27 vidare at:

"Leiaren av fellesnemnda kallar saman og leier møtet inntil ny ordførar er valt. Elles gjeld reglane i kommunelova § 7-1 første til fjerde ledd om konstituerande møte o.a. i kommunestyre og fylkesting."

Reglane om det konstituerande møtet gjeld altså på same måte i det konstituerande kommunestyre- og fylkestingsmøtet i kommunar og fylkeskommunar som vert slått saman frå 2020.

Funksjonsperioden for fellesnemnda er over når det nye kommunestyret er konstituert, jf. inndelingslova § 26 åttande ledd. Inndelingslova § 27 andre ledd fastset at funksjonsperioden for kommunestyra i dei kommunane som skal slåast saman:

”varer inntil tidspunktet for iverksetjing av samanslåinga eller delinga som nemnt i § 3 andre ledd bokstav b. Deira ansvar og fullmakter er likevel avgrensa til det som er nødvendig for å avslutte verksemda i dei eksisterande einingane.”

Tidspunktet for ikraftsetjing av samanslåingane er ved nyttår, så dei eksisterande kommunane held fram som einingar ut 2019. Kommunestyra si myndigheit i denne perioden er likevel avgrensa til å vere ansvarleg for nødvendig drift og avslutning av eininga (dei gamle kommunane), sjå også punkt 2.4.